


Sogn for alle

Bli med på eit spennande seminar om integrering.

Innvandrarar og flyktningar representerer ein stor unyttta ressurs for utvikling av sterke vekstbedrifter og gode lokalsamfunn. Bli med og sjå korleis vi saman kan bidra til vekst i vår region.



11. mars
SOGNDAL



- Korleis nytte innvandrarar og flyktningar som ein ressurs i Sogn?
- Korleis får vi til vellukka integrering gjennom samarbeid?
- Korleis får vi til integrering i praksis?



Kven deltek?

Distriktssenteret, Høgskulen på Vestlandet, NAV Vestland, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, ordførarar, prosjekt rådmann i nye Sogndal kommune, og private aktørar som Avery Dennison NTP og Nyrstar Høyanger kjem. Bli med du òg – og skap vekst gjennom målretta integrering!



Vi får besøk av Aiman Shaqura som kom til Norge som flyktning. Han er i dag ein suksessfull gründer, som har bygd opp og seld fleire gasselle- og vekstbedrifter. Inkludering er Aimans hjertesak og med seg på laget har han fleire store selskap. Prosjekta "Give a Job" og "Charge Incubator" har skapt internasjonal interesse.

TID: 11. mars 2019, kl. 09-15.

STAD: Quality Hotel Sogndal

MÅLGRUPPE: Lokalt næringsliv, næringsorganisasjonar, frivillige lag og organisasjonar, fylkeskommunen (karrieresentra, vidaregåande skular), opplæringskontor, lmdi, KS, Fylkesmannen, arbeids- og inkluderingsbedrifter og kommunane (politisk og administrativ leiing og tilsette innan opplæring, kultur, næringsapparatet).

PRIS: kr 470 per person for lunsj, pausematbuffet og kaffi/te

PÅMELDING: 25. februar 2019 (pamelding.sogn.regionraad.no)



SOGN REGIONRÅD

Program 09-15

Møteleiar: Jan Geir Solheim

0900 - 0910 Velkomen

Jan Geir Solheim, ordførar og leiar Sogn regionråd

0910 - 0945 Korleis gjere innvandrar til ein ressurs i Sogn?

Marianne Solbakken, Distriktssenteret

For å få innvandrarar til å bli buande, må dei trivast og komme seg i jobb. Korleis kan du bidra? Vi må bli betre til å utnytte moglegheiter som innvandringa bringer med seg i vår region. Distriktssenteret vil fortelje kva forskinga seier og vise eksempel på korleis samarbeid på tvers av offentleg, privat og sivilsamfunn kan gjere nytten. Vi får høyre om Åre kommune og deira samarbeidsmodell, ein kommune som kan vise gode resultat. Åre er truleg den kommunen i Sverige som er best på integrering!

0945 - 1005 Vellukka integrering gjennom samarbeid

Berit Flåmo, ordførar Frøya kommune (video)

Frøya kommune har hatt ein folketalsvekst på 20 prosent og vekst i industrisyssestetjinga på nærmare 40 prosent dei siste ti åra. Dette gjer dei meir avhengig av arbeidsinnvandring. Ein ser at dei store hjørnesteinsbedriftene har gitt grobotn for mindre selskap og gründerar – mange etablerarar har innvandrarbakgrunn. Kommune og næringsliv har felles ønske om tilflyttarar skal bli buande og jobbar aktivt for dette. Grendelag har blitt viktige samarbeidspartnarar i inkluderingsarbeidet.

1005 - 1025 Pause

1025 - 1045 JobbLoop - ein samarbeidsmodell for inkludering

May Britt Torsnes, HR Manager i Nyrstar Høyanger AS og Bosse Litsheim, høgskulelektor på Høgskulen på Vestlandet

Loop er eit samarbeid mellom bedrifter, arbeidssøklar og NAV – med sosiale entreprenører som drivarar. Tre bedrifter vil saman tilby arbeidstrening til tre personar som står utanfor arbeidslivet. Personane ruller fire månader i kvar bedrift, med løfte om eitt års arbeidspraksis til saman.

1045 - 1100 Fagopplæring av framandspråklege – kva moglegheiter finst?

Olav Njøs, rådgjevar, NAV fylkeskontor Vestland

NAV og Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennom mange år samarbeidd kring opplæringstilbod for framandspråklege, der målet for deltakarane er fagbrev. I sitt innlegg kjem Njøs inn på suksessfaktorar, og særlege utfordringspunkt knytt til dette arbeidet.

1100 - 1110 Erfaringar frå samarbeid med NAV og bruk av gode verktøy for integrering

Hilde Røneid, produksjonssjef Avery Dennison NTP

Avery Dennison NTP tek samfunnsansvar og tilbyr personar praksis gjennom ulike offentlege ordningar. Bedriften har samarbeidd med NAV i ei årrekke og Røneid deler sine erfaringar på seminaret.

1110-1200 Lunsj

Prosessleiarar: Marianne Solbakken og Ann Opheim Jørgensen frå Distriktssenteret

1200-1410 Kva skal til for at vi beheld flyktningar og innvandrarar i Sogn?

I denne arbeidsøktta skal vi utfordre oss sjølv og konkretisere kva vi bør gjere for at innvandrarar skal få brukt sine ressursar. Det blir lagt inn pause undervegs.

1410-1445 Mangfald og innovasjon

Aiman Shaqura, gründer

Han gjekk frå å pusse sko og pante flasker til å omsette for over 100 millionar kroner og tilsette over 100 personar i selskap han starta sjølv. Har fått 4 Gasselle-diplomar. Turnerer Norge rundt for å skaffe flyktningar jobb. Han brenn for inkludering og innovasjon. Han er mannen bak suksessfulle prosjekt som «Give a Job» og «Charge Incubator» og inspirerer no fleire til å satse på mangfald!

1445-1500 Oppsummering og vegen vidare

Stig Arne Thune, prosjektrådmann i nye Sogndal kommune.